



**Tilsettinga av Asbjørn Sæle som dagleg leiar av Kvinnherad Vekstbedrift i Uskedalen har fått eit alvorleg etterspel. Både Kvinnheringen og Grenda har hatt store oppslag om saka, og ordførar Synnøve Solbakken krev ekstraordinært styremøte i KV, som er eigd 90 prosent av kommunen. Grunnen til etterspelet er ikkje minst at styreleiar Hans J. Berge nektar å offentliggjera søkjarlista som har 11 namn, Heller ikkje nestleiar Lovise Herland Sunde vil frigje lista.**

3. februar sende dagleg leiar brev til søkjarane og opplyste at aktuelle kandidatar skulle kallast inn til intervju. Same dag vart Asbjørn Sæle samrøystes tilsett i stillinga av styret utan at andre var intervjua.

Leiar og nestleiar viser til eit rundskriv frå Justisdepartementet, som imidlertid omhandlar forvaltningslova og ikkje offentleglova, Norsk Presseforbund meiner at nektinga ikkje held mål.

Kvinnheringen opplysar at Svein Jarle Mo er ein av søkjarane og han står fram i avisa. Ein annan har lang erfaring som leiar av ei større bedrift, men han vil ikkje stå fram.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen